# Møtereferat

## Møte i prosjektgruppa

| **Møtedato:** | 01.10.2018 | **Møtestad:** | Rådhuset i Førde |
|---|---|---|---|

| **Møtt** | **Ikkje møtt** |
|---|---|
| Prosjektgruppe:<br>Anita Eide Kvamme(leiar av gruppa)<br>Håkon Myrvang<br>Mathias Råheim<br>Erlend Herstad<br>Sølvi Iren Søgnen<br><br>Administrasjon:<br>Ole John Østenstad<br>Øystein Høyvik<br>Anette Sollid<br>Marit Kleiven<br>Trude Tenold (Rein design) | Judith Kapstad<br>Jakob Andre Sandal<br>Anne Margrete Frimannslund<br>Svein Årdalsbakke |

| **Møteleiar:** | **Anita Eide Kvamme** | **Møtereferent:** | **Anette Sollid** |
|---|---|---|---|

| Sak nr. | Sakstittel, omtale og konklusjon | Ansvar | Frist |
|---|---|---|---|
| 1 | **Høyring av kommunevåpen**<br><br>Desse to retningane har vore på høyring. Rundt 350 sa si meining. Det vart brukt ein del tid i starten av møtet på å drøfte dei mange innspela som er kome inn. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 2 | **Val av kommunevåpen**<br>Dei medlemmane av gruppa som ikkje hadde høve til å møte hadde gjeve tilbakemelding på sitt syn på motiv og farge.<br><br>Gruppa drøfta med bakgrunn i tilbakemeldingane frå høyringa og funna som har kome fram i prosessen fram til dei to motiva og fargane på dei.<br><br>Gruppa bestemte seg først for motiv, så for farge, så for nyanse.<br>Gruppa vart einstemming einigne om motiv, farge og nyanse.<br><br>Gruppa ønskjer at fellesnemnda først skal få informasjon om kva kommunevåpen som vert lagt fram med framlegg til vedtak i fellesnenda. Kommunevåpenet vert derfor ikkje offentleggjort før sakskartet vert sendt til fellesnemnda. | | |
| 3 | **Vegen vidare kommunevåpen**<br>• Framlegg til kommunevåpen vert meldt opp som sak til fellesnemnda | | |
| 4 | **Komande møter**<br>Det var planlagt to møter 22.oktober. Eit på kommunevåpenog eit på aktivitet. Sidan kommunevåpen no er avklart i gruppa vert det kun eit møte på aktivitet. Anette oppdaterer kalendar, og sender ut ny invitasjon.<br>• **22.oktober kl 14-16**: prosess ordførarkjede og aktivitetar i 2019 for å fremje identitet | | |

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*